

JAN KLØVSTAD

FÆRØYSK VERDSREKORD, GRØNLAND I SMØRØYET OG EIT SKRAPÅR PÅ ÅLAND

Dei sjølvstyrde områda i Norden 2020

Dei tre sjølvstyrde områda i Norden har opplevd koronaåret 2020 svært ulikt, men for alle har det sjølvstakt vore eit avvikande år der mykje arbeid har handla om smitte-tiltak.

Jan Kløvstad er sekretær i norske avdelinga av Letterstedtska föreningen, og har tidlegare vore direktør i Nordens Hus på Færøyane og Kantuaq – Grønlands kulturhus.

Færøyane

Verdas beste i koronatesting

Færøyane vekte internasjonal oppsikt i koronapandemien. Med utgangspunkt i solid erfaring med smittetesting på laks, klarte Færøyane å teste folk med milde symptom både raskare, meir effektivt og mykje billigare enn dei fleste andre. Ein test i Statens Serum Institut kosta 1545 kroner, mens den færøyske testen kosta berre 240 kr, meldte *Kringvarp Føroya* i juni. Den tjue år gamle færøyske laksetesten har spart den færøyske landskassa for fleire titals millio- nar, – og gitt imponerende resultat for helsen til kvar enkelt færøying.



*"Vælkomin heim", seier flyvertane når flya landar på Færøyane. Men i 2020 var det smitten som kom.
Teikning Óli P.*

230 656 testar blei utført frå mars/april 2020 til februar 2021. Det er meir enn fire gongar i gjennomsnitt pr person. Til samanlikning testa Sverige ca. 57% av folketalet og Norge ca. 70% i løpet av 2020. Den omfattande testinga var eit livsviktig og banebrytande tiltak. I tillegg blei det stopp i all passasjertrafikk med Norrøna frå Hirtshals alt 14. mars, stopp i all flytrafikk i fleire månader og så testar ved landing på flyplassen, isolasjon fram til testresultat innan få timar, og så karantene i fem døgn til neste koronatest før tilreisande kunne gå fritt. Frå 8. mai til Olsokhelga 29. juli var Færøyane smittefritt. Men så kom Olsokfeiringa, og ei ny bølge med smitte. Også denne kom etter kvart under kontroll. Men til nå (februar 2021) er det berre eitt einaste dødsfall som følge av korona. Det var ein 62 år gamal mann som var innlagt på sjukehuset i Tórshavn med andre sjukdommar, og så blei smitta der. Dei andre 657 smitta, blei friske igjen. I siste veka i februar 2021 blei Færøyane igjen erklært som koronafritt.

Økonomien

Helsemessig klarte Færøyane seg altså godt gjennom 2020. Men økonomien blei sjølvstekt skadelidande. Turismen blei borte. I februar 2021 var det 77% færre turistar enn i februar 2020. Noen månader var enda verre. Nyopna hotell blei ståande utan inntekter, den planlagde direkteruta mellom New York og Færøyane ein gong i veka er utsett. Fleire fiskeribedrifter meldte om eksportstopp i lange tider, særleg til viktige marknader i Storbritannia, Portugal og Spania. Brexit har gjort problema verre, ingen gjensidig fiskeriavtale er komen på plass mellom Færøyane og Storbritannia og EU etter Brexit. Men Færøyane hadde ei både bitter og lærerik erfaring i krisehandling frå 1990-talet. Den gongen, så godt som over natta i oktober 1992, gjekk arbeidsløysa opp frå null til 25%. Nesten 5000 menneske, 15% av alle færøyingar, flytta utanlands for å få arbeid. Men berre åtte år seinare kunne landskassa notere overskot i rekneskapen. Det var ikkje mogleg i 2020, sidan heile verda var i same krise.

Likevel klarte Færøyane seg godt. Etter krisa i 1992 blei Arbeidsløys skipanin (Arbeidsløysforsikringa) oppretta, med månadlege innbetalingar frå arbeidstakarar og arbeidsgivarar. Dette hadde blitt eit stort fond innan 2020, og saman med utanlandske lån og pengar frå landskassa hjalp det folk til å kome relativt godt gjennom krisa. Berre 1% er arbeidsledige på Færøyane i ein pandemi.

Færøysk dans på UNESCO-liste

I november søkte landslaget for danseforeiningane, Sláíð Ring, om at den færøyske songdansen med ubrotten tradisjon frå 1200-talet skulle få plass på UNESCOs liste for verdfull immateriell kulturarv. Dette blir det nå arbeid vidare med, etter at Færøyane frå 2018 har vore medlem i UNESCO.

Tunnelbygging

19. desember opna den nest lengste undersjøiske tunnelen i verda, mellom Hvitanes like nord for Tórshavn og tettstadene Runavík og Strendur på kvar si side av Skálafjorden på Eysturoy.

Eysturoytunnelen er 11,2 km lang, og har verdas første undersjøiske rundkøyring der tunnelen deler seg mot Runavík på austre siden av Skálafjorden og Strendur på vestsida. Køyretida mellom Runavík og Strendur til Tórshavn blei forkorta frå 55 km og 64 minutt til 17 km og 16 minutt. Berre Ryfast nord for Stavanger er lengre, med sine 14 km. Men Eysturoytunnelen, til rundt ein milliard DKK har verdas einaste undersjøiske rundkøyring – med kunst av Tróndur Patursson. Tróndur har også utsmykka Norðoyatunnelen i 2006, begge stader med kunst i metall og lys. Kunstverket i rundkøyringa er 80 meter langt. Dei to første døgera køyrte 30 000 bilar gjennom tunnelen. Det var registrert 40 023 bilar på Færøyaner i 2020.

Spenning i Arktis

Også Færøyaner merkar den nye spenninga i Arktis. Både Kina, Russland og USA er på friarføter, og utanriksminister Jenis á Rana har hatt nok å gjere med møte med USAs utanriksminister Mike Pompeo i juli og amerikansk-dansk ønske om å starte opp igjen overvakinga med radar på Sornfelli like nord for Tórshavn. Danmarks forsvarsminister Trine Bramsen og det færøyske landsstyret er i forhandlingar. I år begynner forhandlingane i Folketinget om bruken av ei ny pakke med 1,5 milliardar DKK i ei såkalla kapasitetspakke for Arktis. Der er militær radar på Færøyaner med, ikkje minst fordi det har vore sterk mistanke om at russiske fly har krenka færøysk luftrom. Men Færøyaner



Runavík er blitt ein bydel i varehuset SMS i Tórshavn etter at nest lengste undersjøiske tunnelen i verda blei åpna like før jul i 2020. Teikning Óli P.

vil ikkje ha militære flåtestøttepunkt, og har lansert eit forslag om Færøyane som servicestasjon for sivil skipstrafikk i Nord-Atlanteren. Det er mange fiskebåtar, handelsskip – og militære fartøy – som passerer Færøyane, porten til Arktis. Færøyane fekk ei meir sentral rolle i det nordiske samarbeidet i 2020, da Danmark, Grønland og Færøyane delte formannskapen i Nordisk ministerråd. Færøyane tok eit særleg ansvar for miljøpolitikken i formannskapsåret.

Endringar i forholdet til riksfellesskapen

I opningstalen til Lagtinget Olsok sa statsminister/lagmann Bárður á Steig Nielsen at riksfellesskapen skal forhandlast på nytt, og også avtalane med EU er det ønske om å reforhandle. I talen meldte han at ei modernisering er i gang. Det er blant anna laga avtale med Danmarks regjering om at alle på Færøyane med dansk statsborgarskap kan få dansk personnummer (på dansk cpr-nummer). Dette vil gjere det lettare å bruke danske sjukehusenester og studieplassar.

I oktober 2020 stadfesta Lagtinget og Folketinget at Færøyane blir 27 000 kvadratkilometer større, til havs, etter avtale gjort mellom Norge, Island og Færøyane i 2006. Det handlar om eit havområde nord for Færøyane.

Fleire færøyingar

Også i 2020 auka folketalet: 1. januar 2021 var det 52 967, opp frå 52 000 ved forrige årsskifte.

Grønland

Stormaktsinteresse for Grønland

Grønland klarte seg gjennom heile 2020 utan eit einaste dødsfall i koronapandemien. Det var få smitta, berre 30 samla sett. Harde innreiserestriksjonar frå første dag og grundig smittesporing gav dei ønskte resultata.

Så tidleg som i mai vedtok Naalakkersuisut (regjeringa/landsstyret) å låne 2,5 mrd DKK i utlandet for å unngå nedskjeringar og oppseiingar i det offentlege. Grønland hadde på førehand relativt lite lån i utlandet, så det er håp om å kome gjennom den økonomiske krisa.

Hans Egede

Natta før den grønlandske nasjonaldagen 21. juni blei Hans Egede-statuen malt rød og ordet «decolonize» blei skrive på. Black Lives Matter hadde kome til Grønland. Inuit Lives Matter, i Kalaallit Nunaat – menneskenes land. Ordførar Charlotte Ludvigsen (IA) i Kommuneqarfik Sermersooq, der Nuuk er største by, utlyste folkeavstemming om statuen skulle stå, eller bli fjerna.

Konklusjonen blei at statuen blir ståande. Det store engasjementet i mediene gav ikkje meir enn 1500 stemmer av 23 000 stemmeføre. Og av desse stemte 921 for at statuen blei ståande og berre 600 ville fjerne den, eller flytte den til ein annan stad. I 2021 er det 300 år sidan den norske presten med løyve frå den danske kongen kom med kristendomen og den danske koloniseringa av Grønland. Men det blir lite feiring i Nuuk i år. Kommunen har sett av ein million kroner til feiring av Egedes ankomst, der grønlandsk kultur og identitet skal vere i fokus. Men blant anna grunna koronapandemien er alt utsett, truleg til 2028. Om noen vil feire, er det fritt opp til dei, men som kommune ser vi ingen grunn til å lage jubileum, uttalte ordføraren i media. *Danmarks Radio* lagar ein større serie om grønlandsk-dansk historie, med venta premiere hausten 2021.

Eksperimentbarna

«Undskyld!», skreiv Danmarks statsminister Mette Frederiksen til dei gjenlevande av dei 22 grønlandske barna som blei fjerna frå familiane sine i 1951 og sendt til Danmark for å lære dansk språk og dansk kultur, og bringe det med tilbake til Grønland. Dei skulle vere foregangsbarn for den nye generasjonen i det moderne Grønland. Men slik gjekk det ikkje. I staden har mange av barna levd med traume og misbruk, og noen har også tatt sitt eige liv. I det offisielle brevet, på bakgrunn av ein historisk rapport Naalakkersuisut og regjeringa i Danmark har samarbeidd om, skreiv Frederiksen til dei som nå er i live: «Tanken om, at du blev en del af et forsøg med så store menneskelige omkostninger berører mig meget. Selvom det forsøg, du blev en del af, givetvis skete i en god mening, var det – set med mine øjne – en urimelig og hjerteløs behandling.» Det har vore debatt om også Grønland skulle be eksperimentbarna om orsaking. Men frå grønlandsk hald har det vore viktig å sjå eksperimentet frå 1951 som eit reint dansk ansvar, sjølv om det folkevalte Grønlands landsråd faktisk støtta planane.

Det internasjonale Arktis

4. mai var det klart for gjenopning av USAs konsulat, med kontorplass i Arktisk kommando i Nuuk. Det første konsulatet blei stengt i 1953. Dei tilsette i det amerikanske konsulatet skal få tilgang til resepsjon, tekjokken og møtelokale, men *ikkje* til den viktigaste delen av Arktisk Kommandos hus: operasjonssenteret, har den danske generalmajor Kim Jesper Jørgensen forsikra overfor altinget.dk og grønlandske medier. Men fleire i Grønland spør kvifor eit amerikansk konsulat i Nuuk, som skal fremje sivile og kommersielle interesser mellom USA og Grønland, nettopp skal dele kontor med det danske militære hovudkvarteret. Mange politiske observatørar i Danmark og

Grønland er samde om at dansk militær opprusting skjer etter ønske og krav frå USA. USA treng ikkje kjøpe Grønland, så lenge dei har den danske stat til å agere som USA vil, seier fleire observatørar.

Det er eit stort konsulat, med den amerikanske diplomaten Sung Choi og seks kollegaer. Etter kvart som det var mogleg å reise til Grønland, i periodar innimellom dei hardaste koronarestriksjonane, blei kontorplassane fylt opp. Etableringa av konsulatet kom året etter at USAs nå tidlegare president Donald Trump annonserte at han ville kjøpe Grønland. Den uvanleg aktive ambassadør Carla Sands i København skreiv kronikk i nettavisa *Altinget.dk* i april om at USA er uroleg for russisk og kinesisk aktivitet i Arktis, og at USA vil bygge bru og hjelpe Grønland «til at nå sit potensiale». Kinas ambassadør til Danmark skreiv kronikk om at USA bruker skrekken for Kina i eit politisk spel om Grønland, og Russlands ambassadør uttalte det same i grønlandske medier.

Få dagar etterpå gav USA ca. 83 millionar DKK til sivile prosjekt i Grønland, som turisme, utdanning og råstoffsektoren. Dette er område heilt under grønlandsk styring, utan at Danmark kan blande seg inn. Men det er amerikanarane som har det endelege ordet om bruken av pengane. Samtidig er fleire danske politikarar, særleg uttalt frå SF og De Konservative, redde for at stormaktsinteressa for Grønland er i ferd med å sette kiler inn i forholdet mellom Danmark og Grønland. Den danske utanriksminister Jeppe Kofod følte seg provosert, og kritiserte at for mange i dansk politikk har for liten respekt for Grønland. «Vi skal ikke sidde i København og afgøre, hvad der er godt for Nuuk og resten af Grønland på områder, som er deres ansvar», sa han til *KNR* 14. mai.

For mange i Grønland var det gjevt å vere så populære, og Hjemmestyret har lagt stor vekt på å utnytte at så mange nå vil posisjonere seg i og rundt Grønland. Det opnar for investeringar, som igjen gir sterke politiske diskusjonar om for eksempel kven som skal få utvinne sjeldne mineralar, med uran som biprodukt. Dette er venta å vere blant dei største stridstema inn i valkampen fram mot april i 2021. Siumut, som fjerna den grønlandske nulltoleransepolitikk for mineralar med radioaktiv stråling (bla. uran) er i dag delt i to leirar, mens IA har sagt at partiet vil stoppe Kvanefjeldprosjektet, om IA kjem til makta.

Grønlandsk politikk

Kim Kielsen, Siumuts regjeringssjef, fekk ei midlertidig fleirtalsregjering midtsommars, da støttepartiet Demokraatit gjekk inn i regjeringa. Men det varte berre til litt inn i 2021. 8. februar gjekk partiet igjen ut. I mellomtida var regjeringssjef Kielsen i hardt vær om mogleg inhabilitet i det som blei omtalt som «stenbidersagen» (Stenbider på dansk er rognkjeks på norsk, så

her har dei to fiskeslaga på havbotnen bytta artsnamn på dei to nabospråka.) Kielsen berga seg så vidt i oktober, ved eit fleirtalsvedtak om at det ikkje var tid for nyval midt i ein pandemi. Sjølv om Kim Kielsen så langt har kome seg gjennom alle voteringar i Landstinget, har dei interne kampane i det regjeringsberande partiet Siumut blitt stadig hardare. Erik Jensen har gjentatte gonger forsøkt å velte Kielsen som partileiar. I slutten av november klarte Erik Jensen å vinne leiarkampen i partiet, med 39 stemmer mot 32 for Kim Kielsen. Etter det har Jensen forsøkt å avløyse Kielsen som regjeringssjef utan å lyse ut nyval. Den strategien har ikkje nådd fram. I februar 2021 blei det likevel fleirtal i Inatsisartut (parlamentet) for å lyse ut nyval. Valdatoen er fastsett til 6. april.

Åland

«Skrapår for Åland»

«2020 var eit skrapår», slo *Ålands Radio* fast i årskrøniken sin i romjula. Det aller meste handla om korona. Så tidleg som i januar, like etter at ein ny folkehelsestrategi var vedtatt, kom dei første åtvaringane om at det kunne bli ein pandemi. Det var god beredskap både i Finland og på Åland, og ein periode med unntakstilstand tidleg på våren 2020. Åland klarte seg godt helsemessig. Men midten av februar 2021 kom med kraftig auke i smitte, og plutsleg blei Åland den regionen i Finland med høgste smittetalet. Frå 1. mars er det innført unntakstilstand i heile Finland, – og på Åland.

Ingen døde av korona, men Åland fekk store økonomiske problem. Mange følte at Åland mista fullstendig taket på økonomien. Finland gjorde vedtak utan å ta Åland med på råd, og livlina til Sverige blei broten. 10. april blei all reising mellom Åland og Sverige stengt, også for legar og sjukepleiarar. Både landskapsstyrelsen og riksdagsmedlem Mats Löfström (Centern) protesterte, men til inga nytte. Det blei problematisk å finne svenskspråkleg personale til Åland, når Finland stengte grensa mot Sverige. Det blei innført 14 dagers karantene også for helsepersonell. Ålandsminister Anna-Maija Henriksson (Svenska Folkpartiet) var samd med ålendingane og meinte at vikarar fortsatt burde kunne kome frå distrikt i Sverige utan høgt smittetrykk. Henriksson stilte spørsmål til finske helsestyresmakter, men det finske folkehelseinstituttet bedømte smitterisikoen i Sverige som mykje høgare, og justisministeren måtte bøye seg. Åland kjente seg overkøyrte og ikkje i tråd med sjølvstyreloven.

Det kom ei forsiktig opning av samfunnet i slutten av mai. Finnane fekk kome til Åland, men ikkje den store og viktige svensktrafikken. Mange innan reiselivet kom seg noe betre gjennom sommarsesongen enn frykta. Men det var harde tider. 3. juli måtte Birka Cruises leggst ned, etter 49 år. 59 tilsette mista jobben. Seinare i juli måtte Eckerö Sverige AB, som driv blant anna Birka-båtane, seie opp over 300 av sine 466 tilsette.

Pandemien har skapt motsetningar mellom Åland og regjeringa, og tidleg på hausten var kritikken frå Åland sterk mot Ålandsminister og justisminister Anna-Maija Henriksson, som beklaga at ein del ting ikkje blei bestemt på optimal måte. Lantrådet Veronica Törnroos kritiserte at synsing blei reglar, og at heile regjeringa, ikkje berre Ålandsministeren, bør tenke på Åland og sjølvstyreløven.

Kampsak

Men ei kampsak blei vunnen: 28. februar skreiv president Sauli Niinistö under det nye avrekningssystemet, som skal gi Åland 10 millionar Euro meir i året. Skattane som blir betalt til Åland, kjem nå tilbake til Åland. Det blei ingen totalrevisjon av sjølvstyreløven. Vi må ta til takke med dei små stegas reform, sa Liberalerna.

Elhybridferja

Mens andre land satsa stort på utbygging av infrastruktur som eit motkonjunktur-tiltak, avblåste landskapsregjeringa planane for elhybridferje. Landskapsregjeringa sa opp avtalen, og rekna ikkje med å bli erstatningspliktig. Men i slutten av november kravde konsortiet bestående av Finferries og Ansgar erstatning på 10,5 millionar Euro for den avbestilte elhybridsatsinga. Saka var ikkje avklart ved årsskiftet.

Roger Nordlund trappar ned

I dagane før jul tok Roger Höglund over som finansminister i landskapsregjeringa, etter Torbjörn Eliassen (begge Åländsk Center), som hadde vore finansminister berre noen månader. Meininga var at partiveteranen Roger Nordlund skulle kome tilbake som finansminister etter ein periode med sjukmelding for dårleg kne. Men Roger Nordlund valte å takke nei. 63 år gamal er Nordlund ein av dei verkelege veteranane i ålandsk og nordisk politikk. Han kom inn i Lagtinget 26 år gamal i 1983, etter å ha vore leiar i Åländsk Ungcenter frå 1979. I eit lengre intervju i *Ålands Radio* rundt jul fortalte Roger Nordlund om den politiske karrieren sin. Han har vore med i Landskapsregjeringa i 20 år, som kultur- og utdanningsminister, finansminister og vice lantråd i fleire periodar og åtte år som øvste sjef – lantråd frå 1997 til 2007. Nordlund er den i heile Finland som har flest år i regjering. Han har vore talman i to periodar, nå er han vice talman fram til neste lagtingsval i 2024. Han har forma det ålandske samfunnet meir enn dei aller fleste i meir enn 40 år, og Roger Nordlund har også vore aktiv i samarbeidet med partikolleagaer og andre i Midtengruppa i Nordisk råd i heile denne perioden.